



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 23 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2010 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet av 19. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2010 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	174 024
Løyving 2010	173 592
Forslag til tilleggsloyving	400

Rekneskapstala for 2009 er flytt frå kap. 650 kor utgiftene var rekneskapsførte for 2009

2 Endringsforslag

Kap. 820 Integrerings- og mangfalldirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

BLD arrangerer i 2010 fire folkemøte som skal skape dialog og engasjement rundt politikken på området og gi innspel om erfaringar og idear personar i lokalmiljøet har. Departementet føreslår å flytte midlar for å dekkje utgifter til folkemøte frå kap. 821, post 71 til kap. 820, post 01.

BLD føreslår etter dette å auke løyvinga under kap. 820, post 01 med 400 000 kroner mot å redusere løyvinga tilsvarande under kap. 821, post 71.

Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrurar

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Integreringstilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid.

Løyvinga er basert på at 8 300 personar utløyer integreringstilskot for det første året i 2010. Talet er no venta å bli 7 850 personar. Utgifter til integreringstilskot for det første året blir dermed redusert. Utgifter til tilskot ved busetjing av personar med alvorlege, kjende funksjonshemminger og åferdsvanskjar er høgare enn det som tidlegare blei lagt til grunn.

Samla er det venta ein auke i behovet for løyvinga på posten.

BLD føreslår å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	3 307 659
Løyving 2010	3 945 355
Forslag til tilleggsłøyving	5 600

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 651 kor utgiftene var rekneskapsførte for 2009

Post 62 Kommunale innvandrartiltak

BLD føreslår å nytte 500 000 kroner for å styrke integreringsarbeidet for utsette grupper i innvandrarbefolkinga med utgangspunkt i rapporten om levekår for norsksomaliarar. Midla blir føreslått flytta frå kap. 821, post 71. Føremålet for bruk av midla er uendra, men mottakaren vil vere ein kommune eller bydel, og ikkje ein frivillig organisasjon.

BLD føreslår å auke løyvinga under kap. 821, post 62 med 500 000 kroner mot å redusere løyvinga tilsvارande under kap. 821, post 71.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	97 947
Løyving 2010	86 193
Forslag til tilleggsłøyving	500

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 651 kor utgiftene var rekneskapsførte for 2009

Post 71 Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd

Det er eit mindrebehov på 400 000 kroner til støtte til frivillige organisasjonar som driv førebyggjande og haldningsskapande arbeid mot tvangsekteskap. Det blir føreslått at mindrebehovet blir nytta til utgifter til folkemøte, sjå omtale under kap. 820, post 01.

I saldert budsjett 2010 er det sett av 2 mill. kroner på posten til innsats for særleg utsette innvandrgrupper i samsvar med tiltaksplan mot fattigdom. 500 000 kroner av desse midla føreslår BLD å nytte til å styrke integreringsarbeidet for utsette grupper av innvandrarar med utgangspunkt i rapporten om levekår for norsksomaliarar, sjå omtale under kap. 821, post 62.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 821, post 71 med 900 000 kroner mot å auke løy-

vinga med 400 000 kroner under kap. 820, post 01 og med 500 000 kroner under kap. 821, post 62.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	49 959
Løyving 2010	47 488
Forslag til tilleggsłøyving	-900

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 651 kor utgiftene var rekneskapsførte for 2009

Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Post 22 Norskprøver for vaksne innvandrarar

Løyvinga skal dekkje utgifter til gjennomføring av norskprøver for vaksne innvandrarar, og behovet er no venta å bli lågare enn føresett i 2010.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 822, post 22 med 1,4 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	11 027
Løyving 2010	14 450
Forslag til tilleggsłøyving	-1 350

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 653 kor utgiftene var rekneskapsførte for 2009

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrarar med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Målet er at den enkelte lærer tilstrekkeleg norsk til å fungere i yrkes- og samfunnslivet i løpet av dei første fem åra i landet.

Løyvinga for 2010 er basert på at 13 400 personar er i målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap i 2010 og vil utløyse førsteårs tilskot. Talet på personar i målgruppa som vil utløyse førsteårs tilskot er no venta å bli 11 500 personar. I tillegg blir fleire tilskot utbetalt seinare enn venta. Talet på asylsökjarar som kjem inn under ordninga for opplæring i norsk i mottak er lågare enn det som tidlegare blei lagt til grunn for 2010.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 822, post 60 med 150,8 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	1 496 267
Løyving 2010	1 607 663
Forslag til tilleggsløyving	-150 800

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 653 kor utgiftene var rekneskapsførte for 2009

BLD føreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga under posten med 800 000 kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	
Løyving 2010	3 000
Forslag til tilleggsløyving	-800

Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving

Godtgjersla til meklarar utanom familievernet i 2010 er rekna til 13,1 mill. kroner, 315 000 kroner mindre enn løyvinga.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 841 post 21 med 315 000 kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	12 523
Løyving 2010	13 416
Forslag til tilleggsløyving	-315

Post 22 Opplæring, forsking, utvikling mv.

BLD føreslår å auke posten med 177 000 kroner for å dekkje inn meirutgifter til godtgjersle til tilsyn under samvær mot tilsvarande reduksjon i løyvinga under kap. 842 post 21, jf. omtale under posten.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	6 113
Løyving 2010	6 314
Forslag til tilleggsløyving	177

Post 71 Tiltak etter samlivsbrot for barn i konfliktfylte familiar

Av løyvinga er 400 000 kroner sett av til finansiering av prosjektleiar i Bufdir, 265 000 og 135 000 kroner er sett av til høvesvis dei offentlege og dei kyrkjelege familievernkontora.

BLD føreslår at midlane til prosjektleiar og midlane som skal nyttast av dei offentlege familievernkontora, til saman 665 000 kroner, blir flytta til kap. 858 post 01 og at 135 000 kroner blir flytta til kap. 842 post 70, jf. omtale under desse postane.

Kap. 842 Familievern

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det ligg an til eit mindreforbruk under kap. 842, post 21 på om lag 200 000 kroner. BLD føreslår å flytte 177 000 kroner av desse midlane til kap. 841 post 22, jf. omtale under posten.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	4 851
Løyving 2010	7 280
Forslag til tilleggsløyving	-177

Post 70 Tilskot til kyrkja si familievernteneste mv., kan nyttast under post 01

BLD føreslår å flytte 135 000 kroner til kap. 842, post 70 frå kap. 841, post 71, jf. omtale under posten. Midlane skal nyttast av dei kyrkjelege familievernkontora til tiltak for barn i konfliktfylte familiar ved samlivsbrot.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	122 954
Løyving 2010	124 107
Forslag til tilleggsløyving	135

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftene til kontantstøtte i 2010 er anslått til 1 390 mill. kroner, 50 mill. kroner lågare enn løyvinga.

Mindrebehovet kjem av færre barn med kontantstøtte enn føresett i vedteke budsjett som følgje av at fleire nye eitt- og toåringar har fått plass i barnehage enn tidlegare lagt til grunn.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 844, post 70 med 50 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	1 514 046
Løyving 2010	1 440 000
Forslag til tilleggsløyving	-50 000

Kap. 845 Barnetrygd*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Utgiftene til barnetrygd i 2010 er anslått til 14 860 mill. kroner, 30 mill. kroner lågare enn løyvinga i vedteke budsjett for 2010.

Mindrebehovet kjem mellom anna av reduserte anslag på utbetalingar av ordinær barnetrygd.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 845, post 70 med 30 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	14 782 318
Løyving 2010	14 890 000
Forslag til tilleggsløyving	-30 000

Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50*

Det er behov for å auke løyvinga på posten i hovudsak som følgje av meirutgifter knytt til Kvinnepanelet og Likestillingsutvalet som vart sett ned i 2010.

BLD føreslår å dekkje meirbehovet gjennom flytting frå kap. 846, post 50 Forsking med 1,1 mill. kroner, post 70 Tilskot med 1,7 mill. kroner og post 79 Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid med 1,9 mill. kroner, jf. omtale under desse postane.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	11 509
Løyving 2010	16 093
Forslag til tilleggsløyving	4 656

Post 50 Forsking, kan nyttast under post 21

Anslått mindreforbruk på 1,1 mill. kroner blir føreslått nytt til å delvis dekkje meirforbruket under kap. 846, post 21, i samsvar med stikkords-

fullmakta *kan nyttast under post 21*, jf. omtale under post 21.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 846, post 50 med 1,1 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	9 939
Løyving 2010	11 348
Forslag til tilleggsløyving	-1 102

Post 70 Tilskot

Anslått mindreforbruk på 1,7 mill. kroner blir føreslått nytt til å dekkje delar av meirforbruket på kap. 846 post 21, jf. omtale under posten.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 846, post 70 med 1,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	15 579
Løyving 2010	16 108
Forslag til tilleggsløyving	-1 661

Post 79 Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid, kan overførast

BLD føreslår å nytte 1,9 mill. kroner av venta mindreforbruk under post 79 til inndekning av resterande meirbehov under kap. 846, post 21, jf. omtale under denne posten.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	4 551
Løyving 2010	10 247
Forslag til tilleggsløyving	-1 893

Kap. 847 Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71*

I samband med overføring av oppgåver frå Helse-direktoratet til Bufdir frå 1.6.2010 vil BLD dekkje eingongsutgifter som følgje av auka bemanning i Bufdir. Desse utgiftene er rekna til 1,7 mill. kroner.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 847, post 21 med 1,7 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke i løyvinga under kap. 858, post 01.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	28 692
Løyving 2010	28 121
Forslag til tilleggsløyving	-1 740

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Posten dekkjer utgifter til ulike førebyggjande tiltak, mellom anna kjøp av tenester innanfor utvikling og implementering av nye metodar i barnevernet. BLD føreslår å auke løyvinga på kapittel 854, post 21 med 2 mill. kroner mot ein reduksjon på kapittel 854, post 50 med 1,7 mill. kroner og ein reduksjon på kapittel 854, post 71 med 0,3 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	48 565
Løyving 2010	36 846
Forslag til tilleggsløyving	2 000

Post 50 Forsking, kan nyttast under post 71

Posten skal i hovudsak stimulere til forsking og forsøks- og utviklingsverksemd om utsette familiar og utsette barn og unge. For å få ein meir riktig bruk av posten, føreslår BLD å redusere løyvinga på kapittel 854, post 50 med 1,7 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kapittel 854, post 21.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	13 294
Løyving 2010	13 719
Forslag til tilleggsløyving	-1 700

Post 64 Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar, overslagsløyving

Posten dekkjer det særskilte tilskotet som blir utbetalt til kommunane når einslege mindreårige flyktningar og asylsøkarar blir busette.

Basert på ein prognose med 850 nye busette, vil det vere behov for å auke løyvinga med 18,8 mill. kroner.

BLD føreslår derfor å auke løyvinga på posten med 18,8 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	147 871
Løyving 2010	238 721
Forslag til tilleggsløyving	18 800

Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak inkludert utgifter til bufellesskap og refusjon av utgifter for plassering i statlege tiltak eller ved kjøp av private plassar. Refusjonsordninga omfattar òg Oslo kommune.

Utgiftsnivået på posten avheng av kor mange barn som blir busette i kommunane og kor stor del av alle einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar som har behov for barnevernteneste.

Basert på nye prognosar for 2010, føreslår BLD å auke løyvinga på posten med 127 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	289 032
Løyving 2010	372 762
Forslag til tilleggsløyving	127 000

Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid o.a., kan nyttast under post 50

Posten dekkjer tilskotet til ulike tiltak innanfor barnevernet, tilskot til formål som dekkjer særlege behov for tilbod hos utsette barn, unge og familiar. For å få ein meir riktig bruk av posten, føreslår BLD å redusere løyvinga på kapittel 854, post 71 med 0,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kapittel 854, post 21.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	56 504
Løyving 2010	48 048
Forslag til tilleggsløyving	-300

Kap. 855 Statleg forvalting av barnevernet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60

Det har vore ein auke i talet barn og unge som etaten mottekk refusjon for. Auken i talet på einslege, mindreårige flyktningar som er busette i kommunane og plassert i statlege eller private institusjoner fører til auka utgifter til det statlege barnevernet.

BLD føreslår å auke posten med 32 mill. kroner, jf. tilsvarende meirinntekter under kap. 3855, post 03.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	3 210 059
Løying 2010	3 333 165
Forslag til tilleggsloving	32 000

Post 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

BLD føreslår å redusere post 45 med 31 mill. kroner som inndekning for mindreinntekter under kap. 3855, post 01 med 9 mill. kroner og kap. 3855, post 60 med 22 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	31 329
Løying 2010	64 977
Forslag til tilleggsloving	-31 000

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855 post 01

BLD føreslår at midlane til prosjektleiar og midlane som skal nyttast av dei offentlege familievernkontora knytt til tiltak etter samlivsbrot for barn i konfliktfylte familiar på 665 000 kroner blir flytta til posten frå kap. 841, post 71.

BLD føreslår òg å auke løyvinga under kap. 858, post 01 med 1,7 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 847, post 21, jf. omtale under posten.

Bufdir overtok frå 01.06.2010 oppgåver og om lag 23 årsverk frå Helsedirektoratet. I samband med overføringa er det knytte nokre meirutgifter som ikkje er dekte frå før. BLD føreslår derfor å

auke løyvinga under kap. 858, post 01 med 770 000 kroner.

BLD føreslår samla å auke kap. 858, post 01 med 3,2 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	176 455
Løying 2010	179 226
Forslag til tilleggsloving	3 175

Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar

Kapittel 858, post 22 skal dekkje utbetalingar til pensjonskasser der tilsette i Bufetat var medlemmer før staten overtok det fylkeskommunale barne- og familievernet. Reguleringspremien blir rekna årleg ut frå endringane i lønns- og trygdeoppkjøret og førre års avkastning frå premiefond. Reguleringspremien varierer følgjeleg kvart år. I tillegg til premien skal det reknast arbeidsgivaravgift av premiebeløpet.

BLD føreslår å auke kap. 858, post 22 med 4,1 mill. kroner som følgje av meirutgifter til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	29 148
Løying 2010	29 197
Forslag til tilleggsloving	4 100

Kap. 2530 Foreldrepengar

Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsloving

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2010 er anslått til 13 660 mill. kroner, 30 mill. kroner lågare enn løyvinga i vedteke budsjett for 2010.

Færre barn i aktuell alder og redusert overslag på generell lønnsvekst frå 2009 til 2010 forklrar mindrebehovet.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 2530, post 70 med 30 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	12 992 338
Løying 2010	13 690 000
Forslag til tilleggsloving	-30 000

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Ein ventar nokre fleire utbetalingar av eingongsstønad i 2010 enn lagt til grunn i vedteke budsjett for 2010, som tilseier ein auke i utgiftsbehovet på 0,5 mill. kroner.

BLD føreslår å auke løyvinga under kap. 2530 post 71 med 0,5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	418 446
Løyving 2010	409 500
Forslag til tilleggsłøyving	500

Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving

Vanlegvis vil det meste av feriepengane vere utbetale per juni månad. Utbetalingane hittil i år overstig budsjettet med 5 mill. kroner.

BLD føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 72 med 5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	358 805
Løyving 2010	380 000
Forslag til tilleggsłøyving	5 000

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving

Utgiftene til foreldrepengar ved adopsjon i 2010 er anslått til 100 mill. kroner, 15 mill. kroner meir enn løyvinga i vedteke budsjett for 2010.

Ved utgangen av tredje kvartal var talet på mottakarar av foreldrepengar ved adopsjon 16,5 prosent høgare enn i same periode i fjor.

BLD føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 73 med 15 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	80 695
Løyving 2010	85 000
Forslag til tilleggsłøyving	15 000

Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarár

Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Det er lagt til grunn at 100 prosent av overføringsflyktningane kjem frå ODA-godkjende land og at 50 prosent av utgiftene som blir dekka av første års integreringstilskot er ODA-godkjende. Integreringstilskotet har ulik sats for det første året mellom barn og vaksne. Endring i samansetjinga av barn og vaksne er årsaka til at løyvinga er venta å bli redusert.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 3821, post 01 med 450 000 kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	71 767
Løyving 2010	78 120
Forslag til tilleggsłøyving	-450

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 3651 kor inntektene var rekneskapsførte for 2009

Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarár

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). 95 prosent av utgiftene til norskopplæring i mottak blir rekna som ODA-godkjende utgifter. Ein reduksjon i talet på asylsøkjarar som kjem inn under ordninga for opplæring i norsk i mottak fører til ein reduksjon i utgifter til opplæring og ein reduksjon i ODA-godkjende utgifter.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 3822, post 01 med 29,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2009	142 844
Løyving 2010	112 572
Forslag til tilleggsłøyving	-29 700

Rekneskapstala for 2009 er flytta frå kap. 3653 kor inntektene var rekneskapsførte for 2009

Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Nye anslag tyder på at dei ODA-godkjende utgiftene vil utgjere om lag 44,5 mill. kroner i 2010, noko som er 11,8 mill. kroner høgare enn tidlegare lagt til grunn.

BLD foreslår å auke kap. 3854, post 04 med 11,8 mill. kroner.

		(i 1000 kr)
Rekneskap 2009		44 900
Løyving 2010		32 746
Forslag til tilleggsløyving		11 800

Kap. 3855 Statleg forvalting av barnevernet*Post 01 Diverse inntekter*

Inntektsanslaget på posten er 26 mill. kroner. Ei framskriving av venta inntekter gir ei inntekt på 17 mill. kroner, som er 9 mill. kroner mindre enn inntektsanslaget. Posten omfattar i all hovudsak refusjonar for utlegg for kommunen.

BLD foreslår å redusere på kap. 3855 post 01 med 9 mill. kroner, jf. ein tilsvarande reduksjon av kap. 855 post 45.

		(i 1000 kr)
Rekneskap 2009		23 355
Løyving 2010		25 868
Forslag til tilleggsløyving		-9 000

Post 03 Refusjon for einslege mindreårige asylsökjarar og flyktningar

Posten omfattar refusjonar for utgifter utover den kommunale eigendelen til einslege mindreårige flyktningar som er busette i kommunane og plaserte i statlege eller private institusjonar. Refusjonane motsvarer utgiftene som blir rekneskapsførte på kapittel 854, post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslige mindreårige asylsökjarar og flyktningar.

BLD foreslår å auke inntektene på posten med 32 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 855 post 01.

		(i 1000 kr)
Rekneskap 2009		110 406
Løyving 2010		73 060
Forslag til tilleggsløyving		32 000

Post 60 Kommunale eigendelar

På posten er det budsjettert med kommunale eigendelar i samband med opphold i barneverninstitusjonar, fosterheim eller hjelpetiltak i heimen.

Ein ventar 22 mill. kroner mindre i inntekter enn det som blei lagt til grunn i vedteke budsjett.

BLD foreslår å redusere inntektene på kap. 3855 post 60 med 22 mill. kroner, jf. ein tilsvarande reduksjon på kap. 855 post 45.

		(i 1000 kr)
Rekneskap 2009		865 629
Løyving 2010		896 746
Forslag til tilleggsløyving		-22 000

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsökjarar*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsökjarar og flyktningar kan i samsvar med OECD/DACs statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp. I tråd med tidlegare berekningar legg BLD til grunn at om lag 74 prosent av utgiftene per plass vil godkjennast som ODA-midlar. Reduksjonen i dei ODA-godkjende utgifter utgjer 40,6 mill kroner.

BLD foreslår å redusere kap. 3856, post 04 med 40,6 mill. kroner.

		(i 1000 kr)
Rekneskap 2009		293 000
Løyving 2010		311 466
Forslag til tilleggsløyving		-40 600

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
endringar i statsbudsjettet for 2010 under Barne-,
likestillings- og inkluderingsdepartementet

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2010
under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
820		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 173 592 000 til kr 173 992 000	400 000
821		Busetjing av flyktninger og tiltak for innvandrarar	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 3 945 355 000 til kr 3 950 955 000	5 600 000
	62	Kommunale innvandrartiltak, blir auka med frå kr 86 193 000 til kr 86 693 000	500 000
	71	Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd, blir redusert med frå kr 47 488 000 til kr 46 588 000	900 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	22	Norskprøver for vaksne innvandrarar, blir redusert med frå kr 14 450 000 til kr 13 100 000	1 350 000
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir redusert med frå kr 1 607 663 000 til kr 1 456 863 000	150 800 000
841		Samliv og konfliktløysing	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 13 416 000 til kr 13 101 000	315 000
	22	Opplæring, forsking, utvikling mv., blir auka med frå kr 6 314 000 til kr 6 491 000	177 000
	71	Tiltak etter samlivsbrot for barn i konfliktfylte familiar, blir redusert med frå kr 3 000 000 til kr 2 200 000	800 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
842		Familievern	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 7 280 000 til kr 7 103 000	177 000
	70	Tilskot til kyrkja si familievernteneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i> , blir auka med frå kr 124 107 000 til kr 124 242 000	135 000
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 440 000 000 til kr 1 390 000 000	50 000 000
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 14 890 000 000 til kr 14 860 000 000	30 000 000
846		Forsknings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50</i> , blir auka med ... frå kr 16 093 000 til kr 20 749 000	4 656 000
	50	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med frå kr 11 348 000 til kr 10 246 000	1 102 000
	70	Tilskot, blir redusert med frå kr 16 108 000 til kr 14 447 000	1 661 000
	79	Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 10 247 000 til kr 8 354 000	1 893 000
847		Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med frå kr 28 121 000 til kr 26 381 000	1 740 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 36 846 000 til kr 38 846 000	2 000 000
	50	Forsking, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med frå kr 13 719 000 til kr 12 019 000	1 700 000
	64	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige asylsökjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 238 721 000 til kr 257 521 000	18 800 000
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsökjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 372 762 000 til kr 499 762 000	127 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	71	Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 50</i> , blir redusert med	300 000
		frå kr 48 048 000 til kr 47 748 000	
855		Statleg forvalting av barnevernet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i> , blir auka med ...	32 000 000
		frå kr 3 333 165 000 til kr 3 365 165 000	
	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	31 000 000
		frå kr 64 997 000 til kr 33 997 000	
858		Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i> , blir auka med ...	3 175 000
		frå kr 179 226 000 til kr 181 631 000	
	22	Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar, blir auka med	4 100 000
		frå kr 29 197 000 til kr 33 297 000	
2530		Foreldrepengar	
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	30 000 000
		frå kr 13 690 000 000 til kr 13 660 000 000	
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	500 000
		frå kr 409 500 000 til kr 410 000 000	
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	5 000 000
		frå kr 380 000 000 til kr 385 000 000	
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	15 000 000
		frå kr 85 000 000 til kr 100 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3821		Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarar	
	01	Integreringstilskot for overføringsflyktingar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	450 000
		frå kr 78 120 000 til kr 77 670 000	
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	29 700 000
		frå kr 112 572 000 til kr 82 872 000	
3854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir auka med	11 800 000
		frå kr 32 746 000 til kr 44 546 000	
3855		Statleg forvalting av barnevernet	
	01	Diverse inntekter, blir redusert med	9 000 000
		frå kr 25 868 000 til kr 16 868 000	
	03	Refusjon for einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktingar, blir auka med	32 000 000
		frå kr 73 060 000 til kr 105 060 000	
	60	Kommunale eigendelar, blir redusert med	22 000 000
		frå kr 896 746 000 til kr 874 746 000	
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjarar	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	40 600 000
		frå kr 311 466 000 til kr 270 866 000	
